

Friskule flyttar til Vikøy



Gler seg over kjøp: Styreleiar Eivind Straumstein i Norheimsund friskule og rektor ved friskulen, Brit Gjerde Voster, ser fram til oppussing av tidlegare Vikøy/Aknes skule. Planen er å flytta friskulen frå Steinsdalen til Vikøy neste skuleår.

Foto: Lars Arvid Oma

Norheimsund friskule har kjøpt bygget som tidlegare husa Vikøy og Aknes skule for tre millionar kroner.

SIGBJØRN LINGA

Vona er å starta skuledrifta i oppussa lokale i august. Før den tid vil skulen halda til i lokala der Steinsdalen skule heldt til før medlegginga, opplyser friskulen i ei pressemelding.

Styreleiar Eivind Straumstein i Norheimsund friskule fortel at

planen i fyrste omgang er opprusting for å steta krava til innelukka og universell utforming. Kjøparen er i startgropa med planlegginga, og vil drøfta tiltaka med Kvam herad og Arbeidstilsynet.

Vidare tiltak

Vidare planlegg friskulen å skifta vindaugo og bordkledninga, og å isolera veggene på det eldste bygget som vender mot skuleplassen. I tillegg må taket vølast og skulen målast. Også uteområdet må oppgraderast.

– Skulen er svært godt eigna til føremålet med omsyn til areal,

uteområde og ikkje minst plasseringa. Skulen ligg sentralt i Kvam, og me når lettare ytre strøk av kommunen med plassering i Vikøy, fortel Straumstein.

Han er nøgd med nærleiken skulen har til naturen og fylkesvegen, og at gang- og sykkelvegen frå Norheimsund til Vikøy snart er ferdig.

– Friskulen vil leggja til rette for at bygdefolk i Vikøy framleis skal kunna bruke skulen og området til lek og ulike aktiviteter. Opprusting av skulen og skuleområdet vil dessutan bidra til at eit viktig og sentralt område i bygda

etter kvart vil framstå i ei betre "drakt". Bygget ber preg av manglande vedlikehald over lengre tid, heier det i pressemeldinga.

Tek ansvar

Formelt sett er KKS eigedom. Då kjøpar av bygget. Dei 12 delaktarane i selskapet tek på seg eit moneleg økonomisk ansvar.

– Det ligg stor grad av idealisme bak eit slikt initiativ, heiter det i pressemeldinga.

Ifølgje styreleiar Eivind Straumstein i Norheimsund friskule var marknadsverdien av bygget vurdert til å vera 2,2–3,0

millionar kroner. Skulen gjekk med andre ord ikkje på billegsal. Norheimsund friskule starta i 2007, og er godkjennd for undervisning på kristent grunnlag av elevar i 1.–10. klasse. Den private skulen har ni tilsette i om lag seks årsverk, og har dette skuleåret 25 elevar. Elevtalet har stige kvart år, ifølgje pressemeldinga. Skulen er den fyrste friskulen som nytta såkalla begrepsundervisning.

linga@hf.no

FLOD OG FJØRE

Tysdag 22. oktober	Flod	01.44 – 14.04
	Fjøre	07.36 – 19.59
Onsdag 23. oktober	Flod	02.23 – 14.40
	Fjøre	08.08 – 20.35
Torsdag 24. oktober	Flod	03.02 – 15.18
	Fjøre	08.40 – 21.14
Fredag 25. oktober	Flod	03.44 – 15.58
	Fjøre	09.15 – 22.01
Temperaturane på Kaldestadi i veke 42:	Minimum	-0,2
	Middel	5,7
	Maksimum	10,7

ANNONSAR

Næringsannonser:
Sjå annonseprisar på hf.no og ring eller send e-post for tinging.

Privatannonser (kan tingast på hf.no):
Rubrikk 1 (16 mm høgd) kr. 110,- inkl. mva.
Rubrikk 2 (34 mm høgd) kr. 220,- inkl. mva.

ANNONSEFRISTAR

Måndag og torsdag: kl. 09.00
Freitag og onsdag: kl. 12.00 for annonser som er større enn modull 22 og for annonser med korrektur



Forbøland Folkeblad

Postadresse:
Boks 94
5601 Norheimsund
Avisa kjem ut tysdag og fredag.
Telefonnummer 56 55 00 20
Faksnummer 56 55 00 21
Tippstelefonnummer 90 13 11 88

E-postadresser:
Forretningsavdeling: annonse@hf.no
Redaksjon: redaksjon@hf.no

Kontaktinformasjon:
Dagleg leiar Camilla Skaar:
56 55 00 20 / annonse@hf.no
Journalist Camilla Kvarme:
56 55 00 22 / kvamme@hf.no
Redaktør Sigbjørn Linga:
56 55 00 24 / linga@hf.no
Journalist Katrine Helgheim:
56 55 00 25 / helgheim@hf.no
Journalist Bård Valvane:
56 55 00 26 / valvane@hf.no

Tips HF SMS: Skriv <tips> fyrst i meldinga og send til 2097. **MMMS:** Skriv <tips> i emnefeltet og send til 2097. Tenesta kostar ei krone.

Produksjon/sas:
Øystase Trykkeri AS
Tlf: 56 55 36 50
Faks 56 55 51 90
Trykk: Mediatrykk, 5257 Kokstad

Bladpengar:
Ordinær pris: Kr. 690 per år
Studentpris: Kr. 40 per måned
Bankinfo:
3530.05.00275
3530.21.03109 (Berre bladpengar)